

Oversikt over sentrale dokumenter, lover med meir

Tabell 1 viser til sentrale lovverk i høve til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

| Lov | Kort om innhald |
|--|---|
| Lov om planlegging og byggesakshandsaming av 27. juni 2008 | Plan- og bygningslova er eit verktøy for samordna bruk og vern av ressursar og skal fremja ei berekraftig utvikling til beste for det einkilde individ, samfunn og framtidige generasjonar. |
| Lov om pengespill mm av 28. august 1992 | Lova fortel mellom anna korleis overskotet i frå speleverksemdene skal fordelast mellom idrettsføremål, kulturføremål og samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. |
| Lov om folkehelse av 24.06.2011 (tredd i kraft 1.1.2012) | Føremålet med lova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, derunder utjamnar sosiale helseskilnader. Folkehelsearbeidet skal fremja befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve og bidra til å førebygga psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning. Vidare skal lova sikra at kommunar, fylkeskommunar og statlege helsemynde set i verk tiltak og samordnar si verksemd i folkehelsearbeidet på ein forsvarleg måte. Lova skal leggja til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid. https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29 |
| Opplæringslova §1-1a. Rett til fysisk aktivitet: | «Elevar på 5.-7. årstrinn skal jamleg ha fysisk aktivitet utanom kroppsøvingsfaget. Til saman skal dette utgjera 76 timar innanfor 5.-7. årstrinn, jf. Fag- og timefordelinga. Den fysiske aktiviteten skal leggjast til rette slik at alle elevar, utan omsyn til funksjonsnivå, kan oppleva glede, meistring, fellesskap og variasjon i skuledagen.» |
| Lov om barnehagar §2 Barnehagens innhald: | «Barnehagen skal gje barn høve til lek, livsutfalding og meningsfylte opplevingar og aktiviteter. Barnehagen skal og ha ein helsefremjande og ein Førebyggjande funksjon, og bidra til å utjamne sosiale skilnader.» |
| Lov om friluftsliv av 28. juni 1957 (sist endra i 2015). Allmannaretten | Verna friluftslivet sitt naturgrunnlag og sikra ålmenta fri rett til ferdsel og opphald i naturen, slik at høve til å utøva friluftsliv som ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg fritidsaktivitet vert bevart («tatt vare på» -kan vera eit alternativ) og fremja. Allmannaretten er fundamentet for friluftsliv i Noreg og er heimla i friluftsliva av 28. juni 1957. Allmannaretten gir mellom anna rett til fri ferdsel til fots og på ski i utmark. https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1957-06-28-16 |
| Lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelova) av 1.januar 2009 | Føremålet med lova er å fremja likestilling og likeverd, sikra like moglegheiter og rettigheter til samfunnsdeltaking for alle, uavhengig av funksjonsevne, og hindra diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. Plikta til universell utforming av offentlege bygg og anlegg er heimla i § 9 Plikt til generell tilrettelegging (universell utforming). |
| Naturmangfaldslova av 1. juli 2009 | Føremålet med lova er naturen og den sin biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald og økologiske prosessar vert teke vare på ved berekraftig bruk og vern, også slik at den gjev grunnlag for mennesket si verksemd, kultur, helse og trivsel, no og i framtida |

Tabell 2 viser til sentrale dokument i til høve fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

| Dokument | Kort om innhaldet |
|---|--|
| St.meld. nr 16 (2006-2007), Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjellar | Statistikk syner at fysisk aktivitet og deltaking i idrett og friluftsliv ikkje er jamt fordelt. Meldinga legg fram strategiar for å redusera sosiale helseskilnader. |
| St.meld.nr 39 (2006 – 2007). Frivillighet for alle | Målet er å oppretthalda ein omfattande frivillig sektor i Noreg gjennom tiltak for å sikra rekruttering av aktive og tillitsvalde. Frivilligheitspolitikken skal leggja til rette for at flest mogleg har moglegheit for å delta i frivillige aktivitetar og organisasjonar. Merksemda knytt til inkludering og integrering må aukast. Rammevilkåra for frivillig sektor må betrast. Idrett og friluftsliv er sektorar som er omtalte i meldinga. https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Stmeld-nr-39-2007-/id477331/ |
| Handlingsplan for FA 2005-2009, «Sammen for Fysisk aktivitet» | Planen framhevar kor viktig FA (def av FA –fysisk aktivitet) er for befolkninga si helse og trivsel. Auka FA skal bli nådd gjennom ein samla strategi som omfattar tiltak på fleire samfunnsområde og arenaer – i barnehage, skule, arbeidsplass, transport, nærmiljø og fritid. |
| St.meld. nr 47 (2008-2009), Samhandlingsreforma av 1. juli 2011 | Eit viktig element i samhandlingsreforma er styrking av det førebyggjande arbeidet. Av meldinga går det fram at trenden i dag er eit generelt lågare fysisk aktivitetsnivå på fritida, i arbeid, skule og ved transport enn tidlegare. Personar som har eit lågt fysisk aktivitetsnivå, har ein stor risiko for å pådra seg sjukdom eller nedsett funksjonsnivå samanlikna med personar som er fysisk aktive. |
| St.meld.nr 39 (2000-2001). Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet | Det vert sett fokus på barn og ungdom si deltaking i friluftsliv. Barn og unge sine moglegheiter for å utvikla seg fysisk, mentalt og sosialt gjennom å leika i, ferdast i og oppleva natur skal styrkjast. Motivering, informasjon, uteaktivitetar i regi av barnehage og skule og auka kompetanse i kommunane er av tiltaka. https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-39-2000-2001-/id194963/ Gjeldande friluftslivspolitikkk legg til grunn at friluftsliv er eit velferds gode som skal sikrast og fordelast jamt i befolkninga som eit bidrag til god livskvalitet, auka trivsel, betre folkehelse og ei berekraftig utvikling. Allemannsretten, sikring av naturområde, utvikling av samanhengande grøntområde og aktivitetstilbod til barn og unge er dei viktigaste nasjonale måla i planen. |
| St.meld.nr 26 (2011-2012). Den norske idrettsmodellen | Overordna mål er idrett og fysisk aktivitet for alle. Gjennom verkemiddelbruk skal det leggjast til rette for at alle som ønskjer det skal ha moglegheit til å delta i idrett eller driva eigenorganisert fysisk aktivitet. Utvikling av attraktive idrettstilbod til barn og unge er særleg viktig. Satsinga på anlegg skal aukast. Samfunnet skal vera godt tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet. https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-26-20112012/id684356/?ch=1&q= Denne meldinga legg føringar for kommunane sine planar og prioriteringar for ein framtidretta idrettspolitikk. Stortinget har ved handsaming av stortingsmelding om den norske idrettsmodellen, lagt føringar for viktige satsingsområde for den statlege idrettspolitikken dei komande år, med mellom anna auka satsing på anlegg for idrett og eigenorganisert fysisk aktivitet, derunder friluftsliv, særskilt satsing på idrettsanlegg i storbyar og pressområde, bidra til å skapa gode rammevilkår for den organiserte idretten, auka satsing på ungdomsidrett og målretta satsing for |

| | |
|---|--|
| | <p>å nå inaktive.</p> <p>Med bakgrunn i dette kan følgjande overordna mål for den statlege støtta til idrettsformål summerast slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Alle skal ha moglegheit til å drive idrett og fysisk aktivitet i form av trening og mosjon • Den frivillige, medlemsbaserte idretten skal sikrast gode rammevilkår for å gje grunnlag for eit omfattande og inkluderande aktivitetstilbod. Det vert særleg lagt vekt på å utvikla attraktive tilbod til born og ungdom • Samfunnet skal vera godt tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet. • Toppidretten skal styrkjast ut frå toppidretten sin rolle som identitetsskapar og toppidretten sitt bidrag til ein positiv prestasjonskultur i det norske samfunn. Toppidrettsutøvarar skal difor gjevast treningsmoglegheit som bidreg til prestasjonar på internasjonalt toppnivå innanfor etisk forsvarlege ramar |
| St.meld. 34 (2012-2013) – Folkehelsemeldinga – god helse - fellesansvar | <p>Staten sine mål for folkehelsearbeidet er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Noreg skal vera blant dei tre landa i verda med høgaste levealder • Befolkninga skal oppleve fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte helseskilnader. • Me skal skapa eit samfunn som fremjar helse i heile befolkninga. Det skal særleg leggast vekt på tiltak retta mot barn og unge. |
| Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv (2013) | <p>Målsettinga er at endå fleire skal utøva friluftsliv jamleg. Det vert lagt føringar om at friluftsliv i og ved byar og tettstader skal prioriterast i åra framover. Allemannsretten og det miljøvenlege friluftslivet med lite konflikter i høve naturgrunnlaget må vidareførast. Naturoppleving bidreg til auka livskvalitet. Barn og unge skal gjevast moglegheiter til å utvikla ferdigheiter i friluftsliv.</p> <p>https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29?q=folkehelseloven</p> |
| Rettleiar «kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet» Veileder – Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet (2014 redigert 2015). | <p>Kultur og kyrkjedepartementet ved idrettsavdelinga har utarbeida ein rettleiar for kommunal planlegging av anlegg og området for idrett og fysisk aktivitet. Denne er sist revidert i 2014.</p> <p>https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Veileder---Kommunal-planlegging-for-idrett-og-fysisk-aktivitet-V-0798/id764295/</p> |
| Meld.St.19 (2014 – 2015). Folkehelsemeldinga – Mestring og mulighet | <p>Strategiar for å styrkja folkehelsearbeidet og leggja til rette for sunne helseval. Psykisk helse vert integrert som ein likeverdig del av folkehelsearbeidet. Arbeidet med endring av levevanar skal få ei ny og meir positiv vinkling og det skal utviklast ein moderne eldrepolitikk med vekt på aktivitet og deltaking.</p> <p>https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-2014-2015/id2402807/</p> |
| Nasjonal transportplan 2010 – 2019 | <p>Her kjem mellom anna føringar for sykkelstrategien i Noreg fram. Stortinget prioriterer bygging av gang og sykkelveggar gjennom Nasjonal transportplan.</p> |
| Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv. En satsing på friluftsliv i hverdagen 2014-2020 | <p>Inneheld både konkrete tiltak og føringar og retningslinjer for staten sitt vidare arbeid med friluftslivet i åra fram mot 2020. Målet er å få flest råd til å utøva friluftsliv i kvardagen.</p> |
| Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftslivsområder 2014-2020 | <p>Handlingsplanen er knytt til dei nasjonale måla om at alle skal ha moglegheit til å utøva friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles, og at område av verdi for friluftsliv skal sikrast og forvalta slik at naturgrunnlaget verte teke vare på.</p> <p>https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/handlingsplan-friluftslivsomrader/id734337/</p> <p>Syner at statleg medverknad til sikring og tilrettelegging av viktige område og</p> |

| | |
|---|---|
| | ferdselsårer for friluftsliv er viktige virkemiddel for å nå dei nasjonale måla for å fremma friluftsliv. |
| Norge Universelt utformet 2025 | Regjeringa sin visjon er at Norge skal vera universelt utforma innan 2025. Dette motverkar diskriminering av personar med nedsett funksjonsevne og gjev betre omgjevnader for heile befolkninga. Regjeringa legg opp til trinnvis gjennomføring av den mest omfattande satsinga på universell utforming noko sinne. https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/norge-universelt-utformet-2025-regjering/id570031/ |
| Rikspolitiske retningslinjer (RPR) barn og unge, rikspolitiske retningslinjer for å samordna areal- og transportplanlegginga | Rikspolitiske retningslinjer for å styrkja born og unge sine interesser i planlegginga gjev i tillegg konkrete kvalitets- og funksjonskrav til dei areal som vert sett av til born og unge. I punkt 5 i RPR skal areal og anlegg som skal nyttast av barn og unge vera sikra mot forureining, støy, trafikkfare og annan helsefare. I nærmiljøet skal det finnast areal kor born kan utfalda seg og skapa sitt eige leikemiljø. Dette føresett mellom anna at areal: <ol style="list-style-type: none"> 1. Er store nok og eignar seg for leik og opphald 2. Gjev høve for ulike typar leik på ulike årstider 3. Kan brukast av ulike aldersgrupper, og gjev høve for samhandling mellom barn, unge og vaksne |
| Nasjonal sykkelstrategi, en del av Nasjonal transportplan 2014-2023 | skal gjera det tryggare og meir attraktivt å sykla. |
| Nasjonal gåstrategi, en del av Nasjonal transportplan 2012 | strategi for å fremme gåing som transportform og kvardagsaktivitet |

Tab 3 viser regionale planar med betydning for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

| Dokument | Hovudinnhald |
|---|--|
| Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 | Eige kapittel i planen om idrett og friluftsliv. Hovudsatsinga er retta mot barn og unge. Framhevar òg kvardagsaktivitetar, arbeid retta mot utsette grupper og anlegg som møter trendar, behov og endringar i samfunnet. http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/kulturplan/ |
| Fylkesdelplan 2008-2012, Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, Aktiv kvar dag | Gjeldande fylkesdelplan er retningsgjevande for arbeidet med fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv fram mot 2013. Hovudmålet er at flest mogleg skal kunne vere aktive kvar dag nær der dei bur. Prioriterte satsingsområde i perioden er: <ul style="list-style-type: none"> • Partnerskap for folkehelse • Tilrettelegging for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv • Anlegg for idrett og friluftsliv Kommunedelplanen for Idrett og fysisk aktivitet 2015-2025 bør stå i samheng med aktivitets- og anleggspolitikken som vert skissert i fylkesdelplanen. Fylkesdelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv Hordaland fylke er under revisjon. Ny plan har fått nemninga «Premiss: Kultur- regional kulturplan for Hordaland 2015-2025», og er sendt på høyring. Planen omhandlar heile kulturfeltet, ikkje berre fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. |

| | |
|---|--|
| Regional plan for Folkehelse i Hordaland 2014 – 2025 | <p>Det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gjev fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseskilnader. Planen inneheld 5 temaområde:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming. 2. Lokalsamfunn, nærmiljø og bustad. 3. Oppvekst og læring. 4. Arbeid og arbeidsplassen. 5. Aktivitet og sosial deltaking. <p>http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Regional-utvikling/Folkehelse/Regional-plan-folkehelse/</p> |
| Handlingsprogram for folkehelse 2007 – 2008 | <p>Folkehelse er eit satsingsområde som er høgt prioritert nasjonalt og på fylkesnivå. Dei overordna måla er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fleire leveår med god helse i befolkninga som heilskap • Redusera helseskilnader mellom sosiale lag, etniske grupper, kvinner og menn <p>Handlingsprogrammet tek til orde for at folkehelseperspektivet må inn i alle relevante kommunale planar.</p> |
| Fylkesdelplan 2006 – 2009, Deltaking for alle - universell utforming | <p>Den overordna målsetnaden er at alle skal kunne delta i samfunnet på like vilkår. Planen skisserar fleire strategiar for å nå dette, m.a. ved at:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Alle nye offentlege bygg, anlegg og opparbeidde uteområde i Hordaland skal frå og med 2009 skal ha universell utforming • Eksisterande offentlege bygg, anlegg og opparbeidde uteområde i Hordaland skal ha universell utforming frå og med 2019 • All infrastruktur for samferdsel i Hordaland skal ha universell utforming <p>Det skal vere universelt utforma turløyper i kvar region/destinasjon.</p> |
| Regional kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger | <p>Føremålet med planarbeidet er å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlandsregionen og Ytre Hardanger.</p> <p>Ein berekraftig kystzoneplanlegging er eit hovudtema i planen. Kystsona byr på særlege kvalitetar for mange fritidsaktivitetar. Tilgjengeleg natur er avgjerande for at allmenta skal ha høve til å utøve friluftsliv som ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg fritidsaktivitet. Friluftsbuiken er avhengig av kvalitetane på staden, til dømes kor bratt det er og om området er eigna for bading, fiske og rekreasjon. Ei heilskapleg planlegging for å ta i vare opne og tilgjengelege strandsoneareal, samt god tilgang til sjø, er sentralt i friluftssamanheng.</p> |

Tabell 4 viser kommunale planar med betydning for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

| Dokument | Hovudinnhald |
|--|---|
| Planstrategi for perioden 2015 – 2019 | <p>Planstrategien legg fram nokre hovudutfordringar, døme på dei er klimaendringar, fjorden som ressurs (næring, oppleving, rekreasjon), Kvamskogen (rekreasjon og hytteområde) samt få ut potensialet og foredra det gode samarbeidet mellom kommunen og frivillig sektor.</p> <p>Av kommunedelplanar som er på trappene som har særleg relevans med omsyn til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplan for Kvamskogen, plan for Oppvekst og plan for frivillighet.</p> |
| Kommuneplanen sin samfunnsdel 2015 – 2030 | <p>Kommuneplanen sin samfunnsdel har 5 hovudstrategiar:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Stadutvikling, tek opp i seg tema som tilrettelegging for sykkel, |

| | |
|--|--|
| | <p>møteplassar, trivsel og deltaking.</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. Bustad. Bustadområder, nærmiljøanlegg og friluftsområder er faktorar som heng saman. 3. Kommunikasjon og infrastruktur. Tilkomst til utfartsområder er ein del av dette. 4. Verdiskaping gjennom samarbeid, tek opp i seg frivilligheit, møteplassar og det å skapa opplevingar 5. Livskvalitet, inneheld mål og føringar med omsyn til samarbeid med frvilligheten samt trekk fram viktigheita av fysisk aktivitet. |
| Folkehelseoversikt for Kvam 2016 - 2019 | <p>I det store og heile har innbyggjarane i Kvam god helse. Folkehelseoversikta er delt inn i 8 ulike tema; befolkningssamansetting, levekår, oppvekst, fysisk miljø, sosialt miljø, skader og ulukker, levevaner og helsetilstand.</p> <p>I oversikta er det særleg lagt vekt på faktorar og utviklingstrekk som kan skapa eller oppretthalda sosiale eller helsemessige utfordringar.</p> |
| Trafikksikringsplan 2016 – 2020 | <p>Trafikksikringsplanen for Kvam har som overordna mål at Innan 2020 skal kombinasjonen av endra haldningar og åtferd, trafikksikre køyretøy og vegsystem føra til at ingen omkjem eller vert hardt skadde i trafikken i Kvam («0-visjonen»).</p> <p>Planen inneheld både organisatoriske, fysiske og åtferdsendrande tiltak. Gang- og sykkelveggar vert omfatta av denne planen.</p> |
| Helse og omsorgsplanen 2015 – 2025 | <p>Hovudmålet i Helse og omsorgsplanen for Kvam er at Helse og omsorgstenesta i Kvam herad skal skapa framtidretta, fagleg forsvarlege og likeverdige tenester som sikrar befolkninga eit profesjonelt, tilgjengeleg og effektivt tenestetilbod.</p> <p>Helse og omsorgstenesta i Kvam skal leggja til rette for at kvar enkelt kan ta ansvar for eiga helse gjennom fysisk aktivitet, sosialt fellesskap og tilrettelegging av eigen livssituasjon.</p> |
| Strategiplan for integrering 2015 | <p>Hovudmålsettinga i planen er at alle innbyggjarar i Kvam skal vera ein del av lokalsamfunnet ved å delta og bidra i fellesskapet. Planen byggjer vidare på to strategiar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Alle innbyggjarar skal ha same moglegheit til å delta i samfunnet ut frå individuelle føresetnader og potensial - Alle innbyggjarar har ei plikt til å bidra innanfor sine føresetnader og sitt potensial |
| Kommunedelplan for næring og kompetanse 2015 – 2023 | <p>Hovudmålet med planen er å «Verdiskaping gjennom samarbeid. Vekst og opplevingar gjennom samskaping mellom menneske, lag og organisasjonar, bedrifter, bransjar, bygder, kommune og regionar».</p> <p>Planen har 5 satsingsområde. For denne planen vil satsingsområde 3; «Skapa opplevingar og innhaldsrik fritid» vera mest aktuell.</p> |
| Kommuneplanen arealdelen 2017 - 2029 | <p>Kommuneplanen sin arealdel er nyleg lagt ut på høyring. Arbeidet med denne planen og kommuneplanen sin areal del har i periodar føregått på same tid. Denne planen har derfor teke omsyn til høyringsforslaget som no er lagt ut.</p> |